# LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Kristin Nielsen | 14.10.2015 |
| Vår: 15/2833 - 15/32142 | kristin.nielsen@lindas.kommune.no | |

## Oversending av søknad til uttale - gbnr 238/26 Eknes indre

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av eit uthus på 15-20 $m^2$ på ein ubebygd eigedom.

Det er søkt om dispensasjon frå byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjø, jf. pbl § 1-8, og frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel.

Tiltaket er ikkje nabovarsla, men tiltakshavar er gjort merksam på at tiltaket må nabovarslast.

**Planstatus**
Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel.

Tiltaket ligg nærmare sjø enn 100 meter og krev dispensasjon frå pbl § 1-8. Tiltaket ligg også i område avsett til LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel, og krev dispensasjon frå dette.




Utklipp frå *«Kommuneplan for Lindås kommune 2011-2023»* som syner den omsøkte eigedomen.




Flyfoto som syner den omsøkte eigedomen.

**VURDERING**
**Dispensasjon**

Arealføremålet LNF: Det omsøkte tiltaket er ikkje i tråd med LNF-føremålet. Eigedomen er ubebygd, men unntak av eit drivhus som det ikkje har vore søkt om dispensasjon for.

Byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø, jf. pbl § 1-8:
Det omsøkte tiltaket er i strid med 100-metersbeltet langs sjø.

Det vart i 2007 gjeve avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad på same eigedom.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Kristin Nielsen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Henriette Meyer | Starefossbakken 13 C | 5019 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |
| HORDALAND FYLKESKOMMUNE | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |